

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
110/16	Formannskapet	PS	19.10.2016

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	FA - L31, TI - &00	15/1268

Uttale til "Høyring - Organisering av eigendomsoppmålingen og forslag til endringar av matrikkellova" -frå Det kongelege kommunal og moderniseringsdepartement

Vedlegg:

Høyringsnotat

Høyring - organisering av oppmåling av eigedomar. Forslag til endringar i matrikkellova.

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune meiner at fagmiljøet innafor oppmåling i kommunane har ført til eit effektivt, godt fungerande og rettferdig oppmålingsystem i Norge. Austrheim kommune rår difor frå at landmålerforetak skal kunna tilby eigendomsoppmåling på like vilkår som kommunane, ei slik privatisering og konkurranseutsetting vil vera uheldig både kvalitetsmessig, kostnadsmessig, tidsmessig og rettsleg.

Austrheim kommune meiner at det overordnede ansvaret for føring av eigendomsopplysningar skal vera hjå kommunane og førast der, slik det vert gjort i dag. Dette må ikkje sentraliserast til Statens kartverk og byråkratiserast ytterlegare.

Austrheim kommune meiner at utdanninga som vert gjeve i dag innafor dette fagfeltet sikrar ei god oppmålingsteneste i kommunane i Norge.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt høringsforslag om endringar i matrikkellova mv. må difor avvisast. Austrheim kommune viser elles til vurderingar i saksutgreiinga.

Formannskapet - 110/16 - 19.10.2016

FS - behandling:

Framlegg frå H v/ Rikke Heldal Hope:

Framlegg til vedtak:

Ved innføring av oppmålingsplikt for heile landet i 1980 så vart denne oppgåva lagt til kommunane, men utan oppbygging av eit korps av

profesjonelle landmålarar eller spesifikke kompetansekrav til dei som skulle utføre arbeidet. Eigedomskartet som er utvikla er mangelfullt. I motsetning til andre land med denne type matrikulært system er det ikkje registreringsplikt (tinglysingsplikt) i Norge, og grunneigarane kan lovleg avtale andre grenser enn dei grensene som vert målt opp. Manglande kvalitet og konsistens i oppmåling og eigedomskartlegging kan føre til usikkerhet og eigedomstvistar. Problem kan oppstå med gjennomføring av planer, avdi det ikkje er ei fullgod oversikt over dei faste eigedomane. Det vil også i Norge vere problematisk å innføre nettbaserte system for søknader om bygging og andre arealtiltak.

For å sikre at eigedomskartet på sikt blir korrekt bør det innførast oppmålingsplikt ved omsetjing av eigedom som ikkje frå før er tilfredsstillande oppmålt og kartlagt, og plikt for grunneigarane til å registrere grenseendringar.

Austrheim kommune gjev sin tilslutning til Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt høringsforslag om endringar i matrikkellova mv. Framlegget frå rådmannen fekk 3 røyster og framlegget frå Rikke Heldal Hope fekk 2 røyster (H).

FS vedtak:

Austrheim kommune meiner at fagmiljøet innafor oppmåling i kommunane har ført til eit effektivt, godt fungerande og rettferdig oppmålingsystem i Norge. Austrheim kommune rår difor frå at landmålerforetak skal kunna tilby eigedomsoppmåling på like vilkår som kommunane, ei slik privatisering og konkurranseutsetjing vil vera uheldig både kvalitetsmessig, kostnadmessig, tidsmessig og rettsleg.

Austrheim kommune meiner at det overordnede ansvaret for føring av eigedomsopplysningar skal vera hjå kommunane og først der, slik det vert gjort i dag. Dette må ikkje sentraliserast til Statens kartverk og byråkratiserast ytterlegare.

Austrheim kommune meiner at utdanninga som vert gjeve i dag innafor dette fagfeltet sikrar ei god oppmålingsteneste i kommunane i Norge.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt høringsforslag om endringar i matrikkellova mv. må difor avvisast. Austrheim kommune viser elles til vurderingar i saksutgreiinga.

Saksopplysninger:

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) sendte den 19.08.2016 på høring forslag til endringar i matrikkellova mv. Frist for høringsuttale er **21. november 2016**.

Departementet skriv i sitt følgjebrev at:

«Departementet foreslår i høringsnotatet å oppheve kommunenes ansvar for eiendomsoppmåling som et offentlig forvaltningsansvar og i stedet åpne for at tiltakshaver fritt skal kunne velge landmåler. Kommuner og landmålerforetak skal heretter kunne tilby eiendomsoppmåling på like

vilkår. Det forutsetter at eiendomsoppmålingen organiseres som profesjonsregulert tjenesteyting på liknende måte som f.eks. eiendomsmegling. Endringen medfører etter departementets vurdering at ansvaret for føringen av eiendomsopplysninger i matrikkelen primært bør flyttes fra kommunene til Statens kartverk.

I saka ligg det ved eit høyringsnotat på 106 sider, datert 19. august 2016 som heiter «*Organisering av eiendomsoppmålingen. Forslag til endringer i matrikkellova mv.*»

Høyringsforslaget til KMD føreslår at: «*Oppmåling av eiendommer skal utføres som profesjonsregulert tjenesteyting med fri prisdanning*»

Informasjon om eigedomsoppmåling:

Oppmålinga er i dag et kommunalt forvaltningsansvar. Matrikkellova bruker omgrepet oppmålingsforretning for klarlegging, dokumentasjon og kartlegging av eigedomsgrenser. I Austrheim kommune er det vår eigen oppmålingsingeniør som gjer dette arbeidet. Dette skjer som regel etter at det vert gjeve eit delingsløyve etter plan- og bygningslova, men og jordlova i ein del saker.

Matrikkelen er eit offentleg register for sikker identifikasjon av dei enkelte eigedomane, herunder registrering av grenser og andre tekniske opplysningar om eigedommane. Grunnboka hjå Statens kartverk gir god og effektiv sikring av eigedomsrett og andre rettar.

Oppmålingsforretning vert krevd for at ny matrikkelenhet (eigedom) skal kunna opprettast i matrikkelen. Matrikkelenheten må vera oppretta i matrikkelen før denne kan innførast i grunnboka som eigen eigedom. Ved at eigendommen er definert som eige objekt kan den overskøytast til ny eigar. Oppmålingsforretning kan også nyttast i samband med endring av grenser mellom tilstøytande eigedommar, som grensejustering for mindre areal og som arealoverføring for større areal. Oppmålingsforretning kan og gå ut på å klårleggja eksisterande grenser når grensemerker har kome bort eller partane av andre grunnar ynskjer hjelp til å finna ut kor eksisterande grenser går. Rekvisisjon av oppmålingsforretning vert sett fram ovanfor kommunen. Kommunen skal fullføra oppmålingsforretninga og registrerer resultatet i matrikkelen utan unødig opphald.

I utgangspunktet skal alle grenser som vert omfatta av ein oppmålingsforretning merkast i marka, jf. matrikkellova § 34. Statens kartverk har ansvaret for organisering, drift og forvaltning av matrikkelen. Opplysningane i matrikkelen vert ført av kommunene. «*Person som fører opplysningar i matrikkelen skal ha gjennomført Statens kartverk sitt kurs i matrikkelføring.*»

KMD ynskjer og at det overordnede ansvaret for føring av eigendomsopplysningar skal leggst til Kartverket, men den praktiske gjennomføringa kan fortsatt ligga til kommunar som ynskjer dette.


KMD føreslår i høyringsnotatet også krav til autoriasjon av den som skal gjera oppmålingsforretninga og krav til utdanning for desse.

Spørsmålet om private landmålere har vært vurdert tidligere. Vedtaket om eiendomsoppmåling som Stortinget vedtok 2005 ble ikke satt i kraft. Ved nytt lovvedtak i 2007 ble loven etter forslag av regjeringen Stoltenberg II endret slik at kommunene fortsatt skulle ha ansvaret for eiendomsoppmålingen, jf. Ot.prp. nr. 57 (2006-2007).

Vurdering:

Rådmannen ser at Departementet i si høyring «*Organisering av eiendomsoppmålingen. Forslag til endringer i matrikkellova mv.*» er at kommuner skal kunna fortsetja med oppmålingsforretningar i konkurranse med private landmålarføretak. Rådmannen vil informera om at det kommunale ansvaret for oppmåling og registerføring av eiendom ble slått fast i lov om kartlegging, deling og registrering av grunneiendom (delingsloven) av 1980. Rådmannen synes dette har fungert godt i Austrheim kommune sidan den tid. Rådmannen meiner at forslaget om at kommunar og landmålarføretak skal kunna tilby eiendomsoppmåling på like vilkår vil føra til ein ytterleggjare byråkratisering og komplisering av noko som fungerer optimalt i dag i dei fleste kommunane våre i Norge. Rådmannen synes denne tenesta i kommunen sine hender er i beste samlebåndprinsipp i Austrheim.

Figuren under viser prosessen i dag i Austrheim kommune:



Kommunen gjev etter søknad delingsløyve, kommunen gjer oppmålingsarbeidet, kommunen matrikkelfører og kommunen sender saka til tinglysing til Statens Kartverk. Dette er både effektivt, rasjonelt og sikrer kvaliteten i arbeidet, men og den gode dialogen med søkjar, naboar og sakshandsamarar seg mellom. Rådmannen vil og få fram her at i utgangspunktet skal alle grenser som vert omfatta av ein oppmålingsforretning merkast av i marka, jf. matrikkellova § 34. Det betyr både, køyring, gåing, klatring og båtkøyring i ein kystkommune som Austrheim.

Rådmannen meiner at saksgangen i dag er optimal og rett fram i heile fasen frå start til mål. Kvaliteten, sørvisen og veiledningsplikta er etter beste forvaltingskikk og i tråd med forvaltingslova på alle måtar. Rådmannen meiner at oppmålingstenestene er best for folk flest i kommunal regi som i dag, og der kompetansen alt ligg i kommunane våre. Høyringsforslaget er ikkje eit eigna effektiviseringstiltak fordi prosessen såleis vert oppstykkja mellom kommune, private firma og Statens Kartverk. Rådmannen vil informera om at i dag er «**alt i ei pakke**» i dei fleste kommunane våre, å slå den praksisen er umogeleg med det nye høyringsforslaget om dette vert politikken framover.

Rådmannen meiner og at forslaget om oppheving av det kommunale ansvaret for eiendomsoppmåling etter matrikkelloven vil føra til ei uheldig privatisering av ei viktig samfunnsoppgåve. Dette vil og undergrava kommunane sin fagkompetanse innafor teknisk sektor som i dag sikrar eit godt og upartisk offentleg tilbod av tenesten. Rådmannen vil og peika på at det er så god kvalitet på arbeidet som vert gjort at det er ingen klagesaker her i dag. Rådmannen meiner og at ei privatisering vil føra til lengre sakshandsamingstid og større risiko rettsleg og formelt.

Matrikkelføringa må vera kommunal

Rådmannen meiner og at forslag om at matrikkelføringa over eigedomar skal førast av Statens kartverk vil føra til eit stort og aukande statleg byråkrati, samstundes som viktige arbeidsplassar i

hundretal forsvinn over heile kommune Norge, dette er sentralisering på det verste. Rådmannen meiner at det overordnede ansvaret for føring av eigendomsopplysningar skal vera hjå kommunane og førast der, slik det vert gjort i dag. Noko anna vil føra til meir statleg byråkati og meirarbeid på ulikt vis. Å dela dette opp med at kommunane sine folk skal matrikelføra noko (bygningar, bustadar, adresse mm) og Statens kartverk noko anna (eigendomsopplysningar) vil føra til aukande bryåkratisering og ineffektivitet. Rådmannen meiner at ansvaret for føringen av eigendomsopplysningar i matrikkelen difor ikkje må flyttast frå kommunene til Statens kartverk.

Økonomi

Rådmannen vil påpeika at denne tenesten ikkje kan verta betre og enklare, men heller ikkje rimlegare enn den er i dag i Austrheim kommune. Gebyrstorleiken vert bestemt av kommunestyret i eit demokratisk fora og styrt av sjølvkostprinsippet, og ikkje av maks profitt eller andre målsetjingar enn best mogeleg teneste for innbyggjarane våre. I Austrheim kommune betaler brukaren eit felles gebyr til kommunen for oppmåling og matrikelføring. Rådmannen vil og peike på at tala frå kostra viser at kommunane sine prisar ligg nær sjølvkost. Rådmannen meiner at det å privatisere eigendomsmålinga vil føra til både dyrare og dårlegare teneste både for innbyggjarane våre, men og for næringslivet i regionen. Rådmannen meiner at privatisering av tenesten vil kunna føra til ulik praksis/tilbod i ulike kommunar, men også ulik praksis og teneste i same kommune.

Rådmannen meiner at det ikkje er økonomisk- eller samfunnsmessig lønnsamt å opna opp for at private aktørar skal kunna tene profitt på ei teneste som i dag er drifta etter sjølvkost. I tillegg må folk betala 25% i mva for tenesten om den vert privat. Rådmannen meiner at med eigendomsmåling på anbod vil me fort risikera at private aktørar vel bort utfordrande saker til fordel for dei sakene dei tener mest på, dei vil velja dei sakene som er enklast å løyse, gjerne i regulerte større bustadfelt. Konkurransen vil ikkje gje eit jamnare prisnivå over heile landet. Det vil verta kostbart i distrikta, der det er langt å reisa til og frå. Dei kompliserte, langvarige og kostbare sakene står då att til kommunane å ta, eller dei vert lagt til side. Køyreavstand vil påvirke prisen og det å ta seg ut til øyar utan veg eller utan brusamband vil påverka prisen sterkt for dei som treng den tenesta der.

Rådmannen meiner at å privatisere eigendomsmålinga vil føra til lengre ventetid, ulik praksis, men og dyrare og dårlegare teneste for folk flest i kommunane våre. Rådmannen rår difor frå at landmålerforetak skal kunna tilby eigendomsoppmåling på like vilkår som kommunane, ei slik privatisering vil vera uheldig for folk flest i heile Norge. Det er berre dei private geomatikkverksemdene som vil tena på det. Rådmannen vil og peika på at gebyrinntekter frå oppmåling av eiendommer gir oss økonomi til å kunna tilsettja fagfolk innanfor kartlegging, landmåling og eigendomsfag med kompetanse som kommunen vår også har trong for til andre oppgåver. Å svekka solide kommunale tenester er feil veg å gå, etter rådmannen sitt syn.

Kompleksiteten i oppmålingsforretninga

Rådmannen vil peika på at det ikkje er den tekniske landmålinga som er det mest utfordrande i faget,

men sammenhengen mellom landmåling og eigedoms juss, dvs. kompleksiteten i heile oppmålingsforretninga. Denne spisskompetansen og lange erfaringa finn me hjå tilsette i kommunane våre. Kommunalt tilsette er kjent med og forhold seg til kartverket sine høge krav om dokumentasjon og til kommunen sine planar, dokument i saka, arkivmateriale og historikk, men og tyding av gamle måleprotokollar. Rådmannen vil peika på at kartverkets eigedomsregister og matrikkelen ikkje er komplett eller fullstendig. Rådmannen meiner at fagmiljøet i kommunane har ført til eit godt fungerande og rettferdig oppmålingssystem i Norge. Rådmannen meiner at utdanninga som vert gjeve i dag innafor dette fagfeltet på ein god måte sikrar ei god oppmålingsteneste i kommunane i Norge. Rådmannen vil og peika på at oppmålingsingeniøren vår gjev god hjelp til å utforma søknadar om oppretting av ny eigendom og hjelper til og gjev råd med å få på plass naudsynte avtalar og rettar.

Å få kvar kommune i Norge til å videreføra eit eige kommunalt oppmålingstilbod som eit selskap, regnskapsmessig og organisatorisk adskilt frå kommunen sin øvrige verksemd er lite realistisk, i tillegg må me forhalda oss til EFTAs overvåkingsorgan ESA. Rådmannen meiner dette er eit dårleg alternativ, når me har ein teneste som fungerer optimalt i dag i Austrheim kommune. Konkurransetseting av ein slik viktig teneste er å gå baklengs inn i framtida, etter rådmannen sin vurdering. Å finn fram alle naudsynte dokument til private landmålarfirma i slike saker vil og truleg ta mykje av kommunen sine ressursar og tid.

Fagmiljøet innafor tekniske tenester i kommunane vert redusert

Rådmannen meiner og at forslaget om privatisering av oppmålingstenesten vil kunne øydeleggja og redusera fagmiljøet i kommunen. Det tekniske fagmiljøet må framover styrkast og ikkje svekkast i kommunane våre. Rådmannen vil peike på at oppmålingsingeniøren er ein del av eit større fagmiljø innafor kommunen sine tekniske tenester. Han har i Austrheim kommune ansvar for ulike typer kart fungerer, geodata, adressering, digitalisering og andre tenester knytt til eigedommar. Han gjev og råd til saker som omhandlar eigedomar og matrikkellova. Han er ein viktig del av tannhjulet som gjer at kommunen vår leverer gode tenester på mange fagområde innafor teknisk sektor.

Kommunane må ha dette ansvaret og arbeidsoppgåvene framover

Rådmannen vil til slutt poengtera at å senda ut eit slikt høringsforslag frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet fører til at dei tilsette innafor oppmålingstenesten i heile kommunenorge føler ser utrygge på eksistensen av sin eigen arbeidsplass, dette er ikkje ein god eller ein human nasjonal politikk. Rådmannen meiner at Norge må ha desse stillingane i kommunesektoren og ikkje privatisera og sentralisera vekk fleire arbeidsoppgåver innafor dette viktige fagfeltet til staten og private firma. Rådmannen rår til at Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt høringsforslag om endringar i matrikkellova mv. vert avvist.

Konklusjon:

Austrheim kommune meiner at fagmiljøet innafor oppmåling i kommunane har ført til eit effektivt, godt fungerande og rettferdig oppmålingssystem i Norge. Austrheim kommune rår difor frå at landmålerforetak skal kunna tilby eigedomsoppmåling på like vilkår som kommunane, ei slik privatisering vil vera uheldig både fagmessig, økonomisk, tidsmessig og rettsleg.

Austrheim kommune meiner at det overordnede ansvaret for føring av eigedomsopplysningar skal

vera hjå kommunane og først der, slik det vert gjort i dag. Dette må ikkje sentraliserast til Statens kartverk og byråkratiserast ytterlegare.

Austrheim kommune meiner at utdanninga som vert gjeve i dag innafor dette fagfeltet sikrar ei god oppmålingsteneste i kommunane i Norge.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt høringsforslag om endringar i matrikkellova mv. må difor avvisast.